



Asgeir Helle

Olaf Ryes vei 11 C

<postNr> BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2306 - 18/9685

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2018

Melding om vedtak fatta 07.03.2018 i Plan- og Miljøutvalet - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 07.03.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

Plan- og miljøutvalet - 026/18:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for arealoverføring mellom gbnr 118/2 og 118/11.

Parsell A (650m²) overførast frå gbnr 118/2 til gbnr 118/11 og skal nyttast som hage. Parsell B (400m²) og parsell C (250m²) skal overførast frå gbnr 118/11 til gbnr 118/2 og skal nyttast som tilleggsjord for 118/2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring mellom gbnr 118/2 og 118/11. Parsell A (650m²) overførast frå gbnr 118/2 til gbnr 118/11 og skal nyttast som hage. Parsell B (400m²) og parsell C (250m²) skal overførast frå gbnr 118/11 til gbnr 118/2 og skal nyttast som tilleggsjord for 118/2.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 11.07.2017, jf. pbl. § 29-4.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon og løyve til arealoverføring gbnr - 118/2 og 118/11 Tykhelle

Søknad om oppretting/ending av matrikkeleining - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle

Førebels svar på søknad om arealoverføring - gbnr 1182 og 11811 Tykhelle

Saka krev ikkje jordlovsbehandling

Søknad om dispensasjon - gbnr 118/2 og 11 Tykhelle

Oversending søknad til uttalelse - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle

Uttale frå planavdelinga - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle

Kopi til:

Asgeir Helle	Olaf Ryes vei 11 C	5007	BERGEN
Sissel Judith Turner	Mongstadvegen	5955	LINDÅS
	178		

Mottakarar:

Asgeir Helle	Olaf Ryes vei 11 C	5007	BERGEN
Sissel Judith Turner	Mongstadvegen	5955	LINDÅS
	178		